



Til:	Hovudtillitsvalde i kommunane som inngår i nye Ålesund
Møtedato:	21. april 2017 kl. 10 - 14
Møtestad:	Brattvåg, Ingebrigt David-huset
Frå:	Personalsjefar/personalansvarlege i kommunane som inngår i nye Ålesund og prosjektkoordinator

Innkalling til felles informasjons- og drøftingsmøte

Prosjektarbeidet for etablering av nye Ålesund er igangsatt. 5. april la KMD fram Prop. 96 S (2016–2017) «Endringer i kommunestrukturen» (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-96-s-20162017/id2548145/sec1>) Tiltrådning frå KMD er: «Ålesund kommune, Sandøy kommune, Skodje kommune, Haram kommune og Ørskog kommune slås sammen fra 1. januar 2020»

Når fellesnemnda trer i kraft i juni/august, kan det opprettast eit partssamansatt utval (PSU) ihht. Inndelingslova § 26 og Kommunelova § 25. Inntil dette organet er på plass, må personalsjefane informere og drøfte i kontaktmøta i dei fem kommunane samanslåinga gjeld.

Personalsjefane i dei fem kommunane ynskjer å samle dei hovudtillitsvalde for å gje lik informasjon og for å drøfte saker i fellesskap i staden for å gjere dette i kvar kommune. Dei tillitsvalde som i dag tiltrer styringsgruppa må også vere med på møtet.

Det vert fleire slike fellesmøter utover våren dersom partane er einige i å gjere det slik.

Informasjon og drøfting i omstillingsprosessar er hjemla i HA § 1.4.1. og AML §§ 8-1, 8-2, samt §§ 16-5 og 15-16.

Agenda:

1. Informasjon om samanslåingsposessen med særleg vekt på framdriftsplan, prosjektorganisering, kommunikasjon, verksemdsoverdraging og personalmessige forhold.

Prosjektkoordinator med fleire har allereie hatt informasjonsrunder for verksemdsleiarar, tilsette på rådhuset og kommunestyra i fleire av kommunane (varierer noko frå kommune til kommune). Vi ynskjer å gje same informasjon til dei hovedtillitsvalde, med særleg vekt på framdriftsplan, prosjektorganisering, informasjon, verksemdsoverdraging og personalmessige forhold.

2. Drøfte kommunikasjonsstrategi med tilhøyrande tiltaksplan

Delprosjekt for kommunikasjon har utarbeida ein kommunikasjonsstrategi med tiltaksplan for etablering av nye Ålesund kommune. Styringsgruppa har vert med i prosessen for utforming av planen. Ihht. HA og AML § 16 vil vi drøfte informasjons- og kommunikasjonstiltaka med dykk.

I planen er det ikkje skrive noko om informasjon til dei tillitsvalde som ikkje sit i styringsgruppa/partssamansett utval. Dette må vi drøfte med dykk korleis det kan innarbeidast i planen. Utkastet ligg ved.

Vi startar med ein gjennomgang av hovudtrekka i planen (ca. 15 min.), deretter ei spørsmålsrunde og til slutt vert saka drøfta (ca. 30 min.).

Lunch ca. 12 til 12.30.

3. Drøfte innhald i første informasjonsbrevet (e-post) til dei tilsette

Jamfør kommunikasjonsstrategien skal alle tilsette få jamlege informasjonsbrev om prosessen. Innhaldet i første informasjonsbrev (e-post) ynskjer vi å drøfte med dykk. Utkastet vert sendt dykk som skal delta i møtet like over påske. Vi drøfter innhaldet i brevet.

4. Korleis få til best mogleg medverknad i prosessen – gruppearbeid/innleiande drøfting

Det er ein suksessfaktor å få til god medverknad av dei tillitsvalde i heile prosessen. Kva tankar har de om dette? Dette er ein innleiande drøftingsrunde om korleis vi utviklar partssamarbeidet til beste for dei tilsette, og vil bygge vidare på dette i neste felles kontaktmøte. Spørsmål kan vere:

- Kva skal kriterium for medverknad eigentleg vere?
- Kva er det behov for frikjøp til i medverknad i prosessen?
- Kva er hensiktsmessig fordeling av frikjøp mellom kommuane?
- Tilstreккеleg mynde frå dei tilsette til dei tillitsvalde som deltek i prosessen.
- Korleis skal dei tillitsvalde i prosessen dele informasjonen vidare i tillitsvaldapparatet?
- Forskjellen mellom medverknad og drøfting.
- Deltaking i delprosjekta (sjå vedlegg), herunder deltaking i delprosjekt 1 Personal og omstilling.

Denne innleiande drøftinga må vi ta opp igjen i neste fellesmøte.

Samansetjing og mandat til partssamansett utval vert teke opp i eit seinare møte.

Møte vert avslutta kl. 14.



Referat

Felles informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde HVO i kommunane som inngår i nye Ålesund kommune

Tid: Fredag 21. april kl. 10.00-14.30

Stad: ID-huset, Brattvåg

Innkalling til møtet vart sendt frå prosjektkoordinator via personalsjefar/personalansvarlege 07.04.17. Vedlagt innkallinga var Kommunikasjonsstrategi.

Måndag 10.04.17 vart informasjonsskriv sendt frå prosjektkoordinator via personalsjefar/personalansvarlege.

Til stades:

Personalsjefar/personalansvarlege:

Petter Sortevik, Haram, Mariann Husøy, Sandøy, Roar Reiten, Ålesund, Janette Steinvik, Ørskog, Malin Piegsa, Skodje

Hovudtillitsvalde/Hovudverneombud:

- Endre Hellandsvik (UDF) Haram, Haldor Lillebø (Delta) Haram, Randi O. Alvestad (Fagf.) Haram
- Laila Irene Alvestad (Fagf.) Sandøy, Linn Jenny Morsund (NSF) Sandøy, Ragnhild B. Heggdal (UDF) Sandøy
- Lindis Dalebø (Fagf.) Ålesund, Jan Ove Ertresvåg (UDF) Ålesund, Martha Trones (NSF) Ålesund, Nina Solbakken (Fagf.) Ålesund, Pål Gåseide (NITO) Ålesund, Hanne Tønning (Delta) Ålesund, Kristin Nonsvik (NITO) Ålesund
- Ramona Pilskog (Delta) Skodje, Stig Eivin Meisel (Fagf.) Skodje, Tove Solheim Kristensen (NSF) Skodje, Geir Lorentzen (UDF) Skodje, Synnøve Solevågseide (FO) Skodje
- Geir J. Skodje (UDF) Ørskog, Maren L. Kongsnes (NSF) Ørskog, Michael Werner (Fagf.) Ørskog
- Lars Rindal (HVO), Ålesund – representerer alle HVO.

Prosjektmedarbeidarar nye Ålesund:

Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem, kommunikasjonsansvarleg Anne Bente Skjellum, demokratirådgjevar Mats Solberg

1. Informasjon om samanslåingsposessen med særleg vekt på framdriftsplan, prosjektorganisering, kommunikasjon, verksemdsoverdraging og personalmessige forhold.

Prosjektkoordinator m./fl. har hatt informasjonsrundar for verksemdsleiarar, tilsette på rådhuset og kommunestyra i fleire av kommunane (varierer noko frå kommune til kommune).

I møtet vart hovudtillitsvalde informert om framdriftsplan, prosjektorganisering, informasjon, verksemdsoverdraging og personalmessige forhold slik:

- Etablering av nye Ålesund 2017-2020 v/ prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem
- Kommunikasjon v/ kommunikasjonsansvarlig Anne Bente Skjellum
Likelydande informasjon til alle kommunane er utfordrande.
Dei tillitsvalde er viktige informasjonsformidlarar ut i kommunane.
Anne Bente Skjellum kan også bistå med intern kommunikasjon innad i kommunane ved behov.
Gruppa får sjå sida ny felles informasjonsside for kommunane, her informasjon om kommunereforma skal ligge.
- Demokratiutvikling v/ demokratarådsgjevar Mads Solberg.
- Informasjon verksemdsoverdraging og personalmessige forhold v/personal- og org.sjef Ålesund Roar Reiten.

Presentasjonane til punkt 1 er vedlagt.

2. Drøfte kommunikasjonsstrategi med tilhøyrande tiltaksplan

Delprosjekt for kommunikasjon har utarbeida ein kommunikasjonsstrategi med tiltaksplan for etablering av nye Ålesund kommune. Styringsgruppa har vore med i prosessen for utforming av planen. Ihht. HA og AML § 16 vert informasjons- og kommunikasjonstiltaka drøfta med dei tillitsvalde.

I planen er det ikkje skrive noko om informasjon til dei tillitsvalde som ikkje sit i styringsgruppa/partssamansett utval. Ein drøftar korleis dette kan innarbeidast i planen.

Anne Bente Skjellum gikk gjennom hovudtrekka i kommunikasjonsplanen (denne var vedlagt innkallinga til møtet). Kommunikasjonsplanen skal vedtakast i styringsgruppa 18. mai.

Drøfting:

Kommentarar på heilheita av strategien?

- Tillitsvalde melder at det er viktig å gje informasjon som er retta mot tilsette, øvrig befolking og politikarane. Det bør visast til ein konkret struktur/organisering.

Det bør komme fram at ein jobbar systematisk, har milepæler og kva som kjem først og sist. Ein må vise til tidsplan.

Htv/hvo:

-Tillitsvalgte har ikkje informasjonsplikt til andre enn sine medlemmar. Ønsker at ein ser på dette punktet.

Anne Bente Skjellum vil formulere eit nytt forslag og sende ut til dei tillitsvalgte.

Tillitsvalgte kan kome med innspel til Anne Bente ved behov.

Tillitsvalde er inne i ein prosess i samband med å velje representantar inn i delprosjekta. Dette vil bli klart i midten av mai.

3. Drøfte innhald i første informasjonsbrevet (e-post) til dei tilsette

Jamfør kommunikasjonsstrategien skal alle tilsette få jamlege informasjonsbrev om prosessen. Innhaldet i første informasjonsbrev (tidlegare sendt ut i e-post) vert drøfta. Gjennomgang v/ personalsjefar/ansvarleg: Malin Piegsa, Janette Steinvik, Mariann Husøy

Informasjonsbrevet vart gjennomgått punktvis.
Htv/hvo får høve til å komme med tilbakemeldingar.
Innspela som kom inn vert arbeidd inn i brevet.

Tilbakemeldingar frå htv/hvo:

Målsetjingar i fht. ny kommune er for generell. Ein ønskjer at setninga er meir konkret, meir fokus på dei tilsette i målsetjinga.
Elles vart forslag frå tillitsvalde i forhold til andre formuleringar lagt inn i brevet, som skal sendast ut til alle tilsette.

4. Korleis få til best mogleg medverknad i prosessen – gruppearbeid/innleiande drøfting

Det er ein suksessfaktor å få til god medverknad av dei tillitsvalde/hvo i heile prosessen. Det vart gjennomført ein innleiande drøftingsrunde om korleis utvikle partssamarbeidet til beste for dei tilsette. Ein vil bygge vidare på dette i neste felles kontaktmøte.

Gjennomgang v/personalrådgjevar Haram Petter Sortevis

Htv/hvo vart delt opp i grupper på tre og tre. Gruppene arbeidde med kvar sine spørsmål. Desse områda vart ikkje ferdigdrøfta denne dagen, og skal takast opp igjen neste møte.

Spørsmål som vart gjennomgått:

- Kva skal kriterium for medverknad eigentleg vere?
- Kva er det behov for frikjøp til i medverknad i prosessen?
Tillitsvalgte/hvo må sikrast permisjon med løn og ha godtgjersle på same nivå som andre.
Prosjektgrupper/deltaking i ulike prosjekt.
Dette skal forhandlast når fellesnemda er sett ned.
- Kva er hensiktsmessig fordeling av frikjøp mellom kommunane?
Frikjøp bør fordelast likt mellom alle kommunene. Tillitsvalde må få like mye tid til å sette seg inn i sakene.
Arbeidsgrupper: Tillitsvalde bør få frikjøp time for time for deltaking i desse.
Møtegodtgjersle pr.person og permisjon med lønn.
- Tilstrekkeleg mynde frå dei tilsette til htv/hvo som deltek i prosessen.
innad i kommunene er kvar enkelt hovedtillitsvald valgt av sine medlemmer og har tillit her.
Når det gjeld å representere alle fem kommunene har ein ikkje denne tilliten frå alle medlemmane. Ein representerer alle tilsette. Tillitsvalde har mynde frå medlemmer.
Prosesen kan endre seg. Dette blir ein anna diskusjon når ein er i prosessen arbeidsgrupper.
I desse gruppene har ein «samla/felles kommune hatt».
- Korleis skal dei htv/hvo i prosessen dele informasjonen vidare i tillitsvalds/verneteneste apparatet?
Det er bra at ein har møter som i dag, her ein kan arbeide og samarbeide i lag.
Tillitsvalde er i gang med å velje personar som kan sitte i ulike grupper.

Forskjellen mellom medverknad og drøfting.

Medverknad: utforming. Vere med på prosess.

Drøfting:

Drøfting og medverknad er to sider av same sak.

Dette skal ein ta opp igjen i neste møte.

Medverknadstrappa.

- Deltaking i delprosjekta (sjå vedlegg), herunder deltaking i delprosjekt 1 Personal og omstilling.

Det er ein prosess på gang. Frist er sett. Tillitsvalde skal komme med forslag til sine representantar til delprosjekt. 5. mai. Innan midten av mai vil dette vere klart.

Delprosjekt personal.

Ein ønskjer representant frå kvar kommune. Dette må styringsgruppa ta stilling til. Ein må finne ein måte å samarbeide på som sikrar tillitsvalde og verneteneste si involvering.

Samansetjing og mandat til partssamansett utval vert teke opp i eit seinare møte

Hensiktsmessig måte å melde frå om i samband med kommunereform, er at tillitsvalgte melder til sin personalansvarleg som tek det vidare.

Val av representant frå tillitsvalde til tilsettingsutvalet for rekruttering av rådmann:

HTV Delta Hanne Tønning Ålesund kommune vert vald til representant frå dei tillitsvalde til tilsettingsutvalet.

Oppsummering av dagen:

Tilbakemeldingar:

Htv/hvo ønskjer meir tid til drøftingar og gruppearbeid.

Fin arena å bli kjent på. Kanskje setje av 2 dagar i eit felles møte?



Nye Ålesund
presentasjon 21.4.17 rådhuset arbeidsgiver



orientering ansatte